


KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 4

Juni 1994

48. årg.



*Kyrkja ho er eit gamalt hus,
står om enn tårna må falla.
Tårn etter tårn dei sokk i grus,
endå kan klokkene kalla,
kalla på gamal og på ung,
mest då på sjela trøytt og tung,
sjuk for den evige kvila.*

*Vi er Guds hus og kyrkje her,
bygde av levande steinar,
som under kross med ærleg gjerd
trua og dåpen sameinar.
Fanst ikkje fleir enn to på jord,
likevel var han med sitt ord
hjá oss med heile sin nåde.*

(N. F. S. Grundtvig of Anders Hovden)

Åslaug Høyland

Det er lov å slite i ekteskapet

Alle har til tider gjort det

Kyrkjebladet har her saksa nokre kloke ord frå bladet Utsyn:

"-Ekteskapet er et satningsområde som krever stor innsats. Du får ikke et godt ekteskap gratis. Samtidig gir ekteskapet deg mulighet til å få mye igjen. Du involverer deg i et annet menneske, og dette menneske er villig til å satse alt på deg. Bare det avkrever respekt og aktelse, godhet og trofasthet.

Ordene kommer ettertenksomt fra Åslaug Høyland, lederen for Torland senter på Jæren. I 15 år har hun virket som spesialist i psykiatri og arbeidet mye med ektepar. På senteret som hun nå har bygd opp, tar hun også imot mange ektepar. Ekteparene kommer enten sammen til samtale, eller hver for seg.

Kloke råd fra skriften

-Guds ord gir kloke råd for ekteskapet. Ordet understreker at ektefellene skal forlate sin mor og far. De skal holde seg til hverandre, og de skal være ett. Dette rommer mye, og jeg tror ikke at det er for ingenting at dette er gjentatt flere ganger i Skriften.

-Mener du med dette at det er lettere for kristne å få til et godt ekteskap?

-Kristne har ofte en tryggere ramme fordi ekteskapsloftet tas på alvor som en del av Guds ord. Kristne kjemper derfor mer for ekteskapet, tror jeg. Samtidig kan kristne slite mer enn andre fordi mange kristne miljøer setter et krav om at vi skal lykkes. Oppstår det problemer, skjuler mange seg for å holde fasaden. Derfor må vi arbeide for å få kristne fellesskap som tar imot både de vellykkede og dem det ble vanskelig for. Det er lov å slite. Det kan umulig være noen som ikke til tider har slitt med sitt ekteskap. Alle har gjort det.



Åslaug Høyland

(Foto: Hanne Valen)

-Men hvilken styrke mener du det går an å hente i Skriften for sitt daglige ekteskap?

Kjærlighet og ydmykhet

-Bibelen sier at Åndens frukt er kjærlighet. Jeg tror ikke vi alltid er i stand til å elske vår ektefelle. Vi blir forelsket, men mye av vår kjærlighet er betinget av at vi får noe tilbake. Guds Ånd kan utvikle noe meget verdifullt i et ekteskap. Vi kan ikke bestemme over dette selv, men vi kan tillate Guds Ånd å gjøre noe i våre liv, la Ånden få påvirke oss og skape kjærlighet.

Dessuten har bønnefellesskap mellom ektefeller stor betydning. De ektefellene som kan søke Gud sammen i bønn, eieren veldig ressurs. I bønnen ydmyker de seg sammen innenfor den levende Gud, og da er ektefellene også i en posisjon at de ydmyker seg for hverandre. Det er en styrke fordi ekteskapet ofte blir en slags maktkamp, der ektefellene vil bestemme og styre over hverandre. I bønnen ydmyker de seg sammen. De stiller seg på lik linje og erkjenner egen hjelpeløshet og svakhet. Slik gir de hverandre også et signal om at de trenger noe begge to.

(Forts. neste nr.)

Frå Utsyn v/ Aud og Asbjørn Kvalbein

Eldretreff

Omlag åtti gjester og soknerådsmedlemmer var samla til vårens eldretreff i Dalekjellaren. Tre timar gjekk snøgt og som det heiter i barnestilen, "Alle var samde om at det var ein gild kveld."

Det var mykje allsøng, matøkt, andakt og underhaldning. Vikarprest Ragnar Gunnestad tala inspirert og engasjerande om kva folk Jesus plukka ut som vitna sine, og som han rusta ut til misjonærar. Me fekk innføring i fiske og grilling på stranda ved Genesaretsjøen og Peters fiskefangst. Me kan alle vera misjonærar avdi Jesus kan bruka heilt vanlege menneske.

Martha Norheim Auganes stod for underhaldning med morosame stubbar, dikt, prosa og solosong med trekkspelusikk attåt.

Me i soknerådet tykkjer det er kjekt å laga i stand fest og gled oss over at det sat gjester ved alle duka bord.

Takk for frammøtet.

(E. K.)



Martha Norheim Auganes i sving.

(Foto: Eli Kringlebotten)



Nokre av gjestene ved eldretreffet i Dalekjellaren.

(Foto: Eli Kringlebotten)

Trampeklapp for ungdommelig mot!

Applaus for konfirmantene!!

Slik av overskriften i Bergens Tidende mandag 9. mai! Dagen etter konfirmasjon for tusenvis av norske tenåringer i norske kirker. Men applausen gjaldt ikke noen av disse! Derimot gjaldt applausen de 200-300 som på human-etisk grunnlag hadde latt seg "konfirmere" i Grieghallen. Applausens grunnlag var klinkende klar - det var applaus til unge mennesker som hadde mot til å velge, mot til å ta konsekvens, mot til å stå for egne meninger. Ikke en stavelse var nevnt om at det muligens kunne finnes noen sådanne blant de mange kirkens konfirmanter. Avisen har visst ikke reflektert særlig mye over den sak, at det kunne dreie seg om dypt alvor og dristig personlig valg for et ungt menneske på kne i en norsk kirke. Hvis det var mobbing som sto i fokus, ville sikkert den sistnevnte være mer utsatt enn ungdommene fra Grieghallen! Vi slår bare fast at vi ikke har sikre måleinstrumenter for å stadfeste hvilke alvorstanke som ligger bak denne ytre handling vi her berører. Dommer er vi slett ikke kalt til å være, men innflytelse fra hjem bekrefter vi - utfra at en fra Grieghallen slår fast at han ikke er døpt - det er neppe hans eget valg!! Da tilfaller i tilfelle applausen foreldrene - for mot til å velge - for andre!

Men hva ligger bak den tilsynelatende begeistring som BT gir inntrykk av vis a vis ungdomsmot fra Grieghallen? Jeg medgir gjerne at jeg ikke finner det så sensasjonelt om en human-etisk organisasjon i Kongeriket Norge med så langvarig og sterk kristen innflytelse avleirer en arv som har kristne elementer i seg, og som kan skape forsvarlig etikk. Takket være arven! Men uhyre vanskelig å forstå at man annonserer applaus der man vil fri seg fra denne arven. Si meg - er kristendommen negativ?

Er den livsødeleggende? Mener BT dette? Det kan i tilfelle være grunn til å se fram til redaktørskifte!

Jeg spør: Er ikke kristendommen i sin kjerne utelukkende suverent god? Er ikke Herren Jesus et lysende eksempel på mennesket i kjærlighetens og barmhjertighetens tjeneste. Er han ikke historiens sterke vitnesbyrd om menneskeverd, om vilje til å gjenopprette det ødelagte liv? Og hva med den etikk som har sin uødelige base i det

"Du skal elske Gud over alle ting og din neste som deg selv."

Det skulle vel ikke være grunn til å gi applaus til den som har mot til å velge å følge i disse fotefar - konfirmantene og andre!

Ragnar Gunnestad

Den nye biskopen

Prost Ole D. Hagesæther vert vår nye biskop. Han har vore spurdt om kva visjonar han har for kyrkjelydane i Bjørgvin. Og slik svara han:

Dette er visjonen: "Kristus kjent, trodd, elsket, etterfulgt!"

Kjent: Folkekirkens mange kontaktpunkter brukes aktivt til å gi nye generasjoner barnelærdommen tilbake. Dåpsopplæring og misjon høyrer til her.

Trodd: En forkynnelse som utfordrer til personlig tro. Et kristen fellesskap som tillater at en er underveis, og som gir tid til personlig modning. Sunn sjelesorg høyrer til her.

Elsket: Kristne verdier er mer enn slagord, det er en personlig forpliktelse på Guds ord og vilje.

Etterfulgt: Søndagen er hverdagens kraftkilde. Til hverdagen høyrer forvalteransvaret, nær familieomsorg og diakonal oppfinnsomhet.

Sagt om vår nye biskop

"Ole D. Hagesæther er kjent som en usedvanlig fin sjelesørger, og som sjelesørger og prest for prestene har han mye å bidra med.

Han er svært ryddig i administrative saker. I vårt landsstyre har han vist stor evne til å sette seg inn i nye saker på kort tid.

I den etiske verdidebatten og i teologien er han tydelig og klar og skaper trygghet."

Torbjørn Lied,
generalsekretær i Santalmisjonen

Barne-songgruppe

I ettervinter er det starta opp ei barne-songgruppe på Stanghelle. Me spør ein av leiarane, Merete Kjelby kva som var grunnen til at gruppa vart starta.

-Det er interesse for musikk og at me vil la andre få glede av det, seier Merete Kjelby.

-Stanghelle er etter kvart godt forspent med arbeid for born og ungdom. Kva kan grunnen vera?

-Eg trur mykje av grunnen er at foreldra er seg sitt ansvar bevisst, og også ser trongen for å gje borna kristne verdiar, seier Merete.

-Kva var det første songgruppa tok til med?

-Det heile starta med påskemusikalen "Veien han måtte gå". Teksten er skreven av Haldis Reigstad. Melodiane har barneborna hennar, Ingelin og Hildegunn Garnes Reigstad som er 9 år laga. Den var først framført på barnelagsmøte på Stanghelle 23. mars.

Seinare har me sunge på Daletunet Aldersheim og Sjukeheimen på Vaksdal, fotel Merete.

-Kva aldersgruppe satsar de på?

-Me satsar på born i skulealder, fortel Merete, som legg til at dei satsar på å delta i området som er dekket av Daie Kyrkjelyd.

Me takkar for praten og ynskjer lukke til med songen.

(R. K.)



Songgruppa i aktivitet på Stanghelle Bedehus under avslutninga til Barnelaget.

(Foto: Eli Kringlebotten)



Fagertun Leirstad. Nyaste delen er den som er nærast.

(Foto: Jostein Rene)

Fagertun

3.-5. juni var det samling på Fagertun Leirstad i Eksingedalen. Det heile tok til med møte fredag kveld og held fram med møte laurdag. Generalsekretær i Norges Samemisjon, Magne Gamlemshaug var med som talar.

-Søndag 5. juni vart det tradisjonale Fagertunstemnet avvikla. Ekstra i år var at Magne Gamlemshaug innvigde Fagertun, som nå har fått ferdig resten av internatet, seier Odd Alvheim.

-Kva tid tok de til på Fagertun?

-Me byrja med leirar i 1969 i den gamle skulen. Etter kvart vart det teke til med å byggja nytt og i slutten på 70-talet vart første delen ferdig. Seinare har det vore mange dugnadstimar slik at me nå har fått ferdig bygget slik det syner seg på biletet, fortel Odd Alvheim. Nyaste delen har vore i bruk i omlag 3 år.

Odd Alvheim seier også at om ettermiddagen 5. juni vart basaren til inntekt for Fagertun avvikla.

(R. K.)

Søndagsskuletur

Søndag 29. mai var søndagsskuleborn, foreldre og leiarar frå Vaksdal på tur til Wallemtunet på Kvamskogen. Denne gongen kunne me ikkje kjøra heilt opp til huset på grunn av det låg snø på plassen me brukar parkera på.

Det heile tok til med søndagsskuletime i møtesdalen. Madli Hannisdal og Nils Arne Lavik leia samlinga. Lavik tala om pinsedagen og det som skjedde då Peter oppmoda folk til å verda om til Jesus. Borna fylgde interessert med og hjelpte til når Lavik skulle avdekka ting på overheaden.

Etter timen var det matøkt og iseting før me tok til med leikar for born og vaksne engasjert leia av Nils Arne Lavik. Eit av dei mest populære innslaga var når born i førskulealder laga "tusenbeinet" Wallemar.

Dagen vart avslutta med songstund i møtesalen. På songmøtet opplyste Lavik at 10. september skal Bergen Søndagsskulekrins skipa til tog og 150-års markering for søndagsskulen i Bergen sentrum. Så 10. september bør me leggja tur-en til Bergen. Søndagsskulane ville få skriv om det sa Lavik.

(R. K.)



"Tusenbeinet" Wallemar i full sving.

(Foto: Ragnvald Kringlebotten)



Nokre av deltakarane kosar seg på Wallemtunet.

(Foto: Ragnvald Kringlebotten)

Vekking i Vaksdal Vassbakken-stemme

Det er ein heil del i kyrkjelydane våre som vonar på og bed om vekking. Vi vonar at fleire skal finna fram til tru på Jesus. Korleis kan ein oppnå at det skjer?

Eg har ei enkel oppskrift: Dersom alle dei som trur på Jesus går til kyrkje kvar gong det er gudsteneste, så har vi teke eit langt steg for å hjelpa andre til tru.

Møt fram og syng! Møt fram og be! Møt fram og syn at vi er mange!

Helsing

Kjell Arne



Kjell Arne Norum på Vassbakken
(Foto: Ragnvald Kringlebotten)

Helgetorsdag, 12. mai, var folk frå Stamnes til Vaksdal samla til Vassbakken-stemme. Veret i år var frå si aller beste side.

Det heile starta med gudsteneste ved Kjell Arne Norum. Etter gudstenesta var det mat og drikke før nokre leika seg medan andre fann kjentfolk å prata med.

Kroningsdag

Denne dagen har mange namn sa Norum i preika si. Helgetorsdag, Kristi Himmelfartsdag, Kristi Kroningsdag.

Teksten i Ap.gj.1,1-11 handlar om å få kraft. kraft til kva? Kraft til å bera bodskapen vidare. Dei skulle få den heilage ande. Nå er det me som treng kraft. Kraft til å våga å vera frimodige, til å seia at Jesus er Herre i hjarta vårt. Jesus seier: "Ver ikkje redde, de skal få kraft."

Oppdraget

Kjemp for å spreia evangeliet, gjer Jesus kjend, del gleda om at Jesus er stått opp frå dei døde. Alle evangelistane sluttar med befaling om å gå ut.

Hovudmålet

Hovudmålet er at menneske må verta frelste. Bibelen spør om me har eit brennande hjarta for at menneske skal få kjenna Jesus. Lat oss kjempa for at evangeliet skal nå nye land og nye hjarto.

Det er når me er lydige at andre kjem til Jesus, at løftet går i oppfyllding. Nå er det tid for at me skal vera lydige mot Herren. Del med andre, kjemp for evangeliet. Om me går i grøfta nokre gonger vil Herre hjelpa oss opp og gi oss kraft til å gå vidare.

Me skal aldri vera åleine sa Jesus, han går med oss.



3 glade damer på Vassbakkenstemna 1994.
(Foto: Ragnvald Kringlebotten)



Ingrid Straume Normann på mamma Eidrun sitt fang og Knut Verpelstad var yngste og eldste på Vassbakken.
(Foto: Ragnvald Kringlebotten)



Konfirmantane i Dale Kyrkje 8. mai saman med vikarprest. John Ove Thaule (Foto: Løtvedt)



Konfirmantane i Vaksdal Kyrkje 8. mai saman med res.kap. Norum (Foto: Løtvedt)



Konfirmantane i Stamnes Kyrkje 15. mai saman med vikarprest Brigte Skeie (Foto: Jan Egil Dyvik)



Konfirmantane i Eksingdalen Kyrkje 22. mai saman med res.kap. Norum. (Foto: Gudrid Næss)

Barneside

Hei!


"Frykt ikke for meg er med deg!
Se deg ikke engstelig om, for jeg er din Gud!
Jeg styrker deg og holder deg opppe med min rettferds høyre hånd." Jes.41,10

Har du tenkt på hvor heldige vi er, vi som tror på Jesus? Jeg mener - vi trenger ikke være redde og engstelige, og vi trenger ikke være redde forat vi skal være så svake at Gud ikke bryr seg om oss. For vi vet nemlig at Gud er sterk, og da gjør det ingen verdens ting om vi er svake. Vi har den sterke Gud med oss, og da trenger vi iallefall ikke være redde. Så har jo Gud lovet at han skal gjøre oss sterke også.

Jeg tror ikke han mener at vi skal bli verdensmestere i vektløfting, men at vi skal bli sterke i troen på Jesus slik at vi ikke løper bort fra Gud med en gang noen mobber oss, og kaller oss stygge ting fordi vi er kristne. Og vet du hva som er det fine med denne styrken som det står om i Bibelen? Jo, det er det at vi får den av Gud. Han vil gjøre oss sterke og hjelpe oss, står det, så vi trenger ikke trene med alt mulig rart for å bli sterke nok for Gud. Vi må bare huske på å be til Jesus og si at vi gjerne vil bli sterke og modige slik at vi alltid våger å si at vi hører Jesus til. Når vi ber til Jesus om det, så vet han at vi vil være hans hjelpere, og da gir han oss det vi trenger.

Tove Lill

Noe som smaker godt om sommeren.



1. Fottøy
2. Værelse
3. Tallerken
4. Søke
5. Bindemiddel
6. Mineralvann

Hvilken dag minner dette om? →



Frå bladet "Brevet"

Svar: St. Hans-aften.

Pensjonistar

Velkommen til ferieuke

på Sotraheimen 3.-7.august 1994

I år er vi glade for å kunne invitere deg til feriedager på Sotraheimen.

For dere som har vært med oss før, vet dere at vi har hatt fine dager med aktiviteter både ute og inne.
Bibeltimer - fellesskap er stikkord som hører med.
God mat er også viktig i en slik sammenheng. Alt dette skal vi ordne med.

Ta av dagene allerede nå, og

vær hjertelig velkommen!!

Nærmere opplysninger, program, pris m.m. fås ved henvendelse til kretskontoret for Santalmisjonen, tlf. 55 316090.

Misjonær Martha Iren Eriksrød blir med som taler

Sommarleirar i Sætervika

4.-7	juli	10-12 år....."	370,-
28.-31.	juli	Generasjonsleir....."	350,-
1.-5.	aug.	Ferieleir 9-14 år....."	490,-
5.-10.	aug.	Interesseleir, ov. 14 år...."	690,-
11.-14.	aug.	8-10 år....."	350,-

Nærmere opplysninger og påmelding:
Norsk Luthersk Misjonssamband
Ø. Muralm. 18. 5012 Bergen
Tlf. 55321252
Fax. 55321534

Ferie

Fung. sokneprest Kjell Arne Norum har ferie frå 11. juli til 8. aug. Kontorfullmektig Reidun Takvam vil i Norum sin ferie vera på kontoret frå midten av juli og ut månaden.

Når Norum har ferie kan spørsmål om dåp, bryllup, gravferd med meir rettast til vikarprest Brigt Skeie i Norheimsund, Tlf. 56 55 25 31.

Redaksjonen vil i same slengen ynskja lesarane ein god og aktiv sommarferie.

No får du koma

Alle som tyrstar,
no får det koma,
å drikka av kjelda,
det evige veld.
Utan pengar, utan betaling,
fritt får de koma.
I fulle drag
drikka til livsens kveld.

Kvi gjev de pengar,
for det som ikkje gjev mette
og dykkar vinning
for det som ikkje gjev brød?
Jesu åleine
din hunger kan sette,
hans får du vera,
i liv og i død.

Halla øyra ditt hit,
å kom no til meg!
Høyr, så skal
sjela di leva!
Ei eveleg pakt,
vil eg gjera med deg
og himmelens nåde,
deg gjeva.

Kalla på Herren
den stund han er nær,
søk han medan
han er å finna.
Den ugudelege
forlate sin veg,
og late Herren
hjarta få vinna,
så skal han i miskun
være deg nær,
du rikeleg forlating
skal finna.
Så høg som himmelen
er over jord
er Herrens tankar
med deg.
Ein dag stå i
det Himmelske kor
i eveleg samfunn
med seg.

Helsing til alle lesarar av
Kyrkjebladet.

Elise Straume

Minneord

Inger Farestveit har fått heimlov,
24. mai døyde ho, 74 år gamal.

På Langhelle vaks Inger opp, og
her vart heimen hennar. Garden med
lier rundt og storfelt utsyn over
fjell og fjord, ho var trufast mot
staden ho var sett.

Men Inger såg vidare utover,
misjonen låg henne på hjarta. I
Norsk Luthersk Misjonssamband fann
ho sin plass. "Gå ut", var ordren
Jesus gav. Inger hørde til "for-
syningstroppane" heime. Mange var
dei broderte dukar og grosemåla fat
og tiner som vart laga til haust-
basaren. Og midlane som kom inn
var med å senda misjonærar ut.
Tidlegare var borna òg med i
misjonsforeninga. Dei lærde tol-
mod og sydde fine sting. Andakten
og songen hadde sin plass.
Inger tykte alltid det var gildt
når borna reiste på leir i Sæter-
vika.

I søndagsskulen arbeidde ho i
mange år. Dei søndagane når det
ikkje var gudsteneste, heldt dei
søndagsskule i skulehuset på Sand-
vik, og seinare i stovene.

"Guds ord det er vår fedrearv,
til borni skal det ganga."

Den fine altarduken i Hardanger-
saum som er i Vaksdal kyrkje, bro-
derte Inger då ho var medlem av
soknerådet.

Og til sist må nemnast at det
var ein gjestfri heim, der me all-
tid kjende oss velkomne. No er
plassen hennar tom. Ein god ven og
medarbeidar har lagt ned vandring-
staven.

Guds fred over hennar minne.

Vener

SLEKTERS GANG

Døypte



DALE


01.05 Lena Andreassen Standal
01.05 Bodil Seim

STAMNES

04.04 Rune Straume Samuelson

VAKSDAL

05.06 Anders Stavenes Åsen



Vigde



EIDSLAND


30.04 Leif Tore Ekse og
Tavis Einarsdatter Fjelde

STAMNES

14.05 Johan Fossmark og
Anne-Lene Bjordam Leiren

VAKSDAL

14.05 Lise Sæterdal og Dagfinn Trohjell
14.05 Wenche Tolås og Terje Wefring



Avlidne



DALE


02.05 Georg Ole Dankertsen f. 1911
27.05 Lyder Ekanger f. 1910

STAMNES

09.05 Magnus Holme f. 1908
18.05 Oddbjørn Hesjedal f. 1938

VAKSDAL

06.05 Olga Søderberg f. 1921
12.05 Nancy Boge f. 1914
24.05 Inger Farestveit f. 1920
25.05 Ingolf Faugstad f. 1907



STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome redaktøren i
hende innan 12. august 1994.

Bladet kjem ut i veke 36 som
byrjar med 5. september.

Ragnvald

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon
for samtale. Avtal helst på
telefon på førehand.
Prestane har teieplikt.

Vaksdal prestegjeld

SOKNEPRESTIKONTORET tlf. 56 59 61 20
tysdag, onsdag og torsdag kl. 9.00-
13.00, er fullmektigen på kontoret.

Res.kap. Kjell Arne Norum
tlf. 56 59 70 88 Mobil 945 02992.
HUGS, måndag er presten sin fridag.

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda

Bladpengar: Kr. 60,-

Annonsepris: kr. 2,20 pr. sp.mn.

Postgiro: 0808 57 23 4 73

Bankgiro: 3500.50.13 117

Bladstyrar: Ragnvald Kringlebotten,
5273 Stanghelle. Tlf. 56 59 51 81.

Kasserar: Asle Georg Karlsen, Boge,
5270 Vaksdal. Tlf. 56 59 72 32.

Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.

Retur til Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese.

VELKOMEN TIL KYRKJE



3.juli - 6.søndag etter pinse

DALE KL.11. Vikar. Nattverd. Offer til Bjørgvin Bispedømeråd.

NESHEIM KL.11. Norum. Nattverd. Offer til Fagertun.

STAMNES KL.19. Norum. Offer

10.juli - 7.søndag etter pinse

VAKSDAL KL.11. Norum.

EIDSLAND KL.17. Vikar. Nattverd. Offer

BERGSDALEN KL.20. Norum. Nattverd.

17.juli - 8.søndag etter pinse

NESHEIM KL.11. Vikar.

DALE KL.19. Vikar.

24.juli - 9.søndag etter pinse

STAMNES KL.11. Vikar. Nattverd.

VAKSDAL KL.18. Vikar. Nattverd. Offer til Norges Kristelige Stud.-og skoleung.1.

31.juli - 10.søndag etter pinse

DALE KL.11. Vikar. Nattverd. Offer til Kirkens Bymisjon.

EKSINGEDALEN KL.11. Vikar. Nattverd.

7.august - 11.søndag etter pinse

VAKSDAL KL.11. Vikar. Offer til Nord-hordland Indremisjon.

EIDSLAND KL.17. Vikar. Nattverd.

14.august - 12.søndag etter pinse

BERGSDALEN KL.11. Norum. Bergsdals stemna. Offer til Soknerådsarbeidet.

DALE KL.19. Norum. Nattverd. Offer til Den norske Sjømannsmisjon.

21.august - 13.søndag etter pinse

VAKSDAL KL.11. Norum. Nattverd. Offer til Soknerådsarbeidet.

NESHEIM KL.11. Kvamsøe. Offer til Bergen Søndagsskulekrets.

28.august - 14.søndag etter pinse

DALE KL.11. Kvamsøe. Innsetjingsgudst. Velkomstfest i Stanghelle Bedehus.

4.september - 15.søndag etter pinse

EKSINGEDALEN KL.11. Kvamsøe. Nattverd.

EIDSLAND KL.11. Norum. Konfirmantpres.

VAKSDAL KL.18. Norum. Konf. pres.

STANGHELLE KL.18. Kvamsøe.

11.september - 16.søndag etter pinse

BERGSDALEN KL.11. N.A. Lavik og Norum. Søndagsskulens dag. Konfirmantpres. Offer til Bjørgvin Søndagsskulekrets.

STAMNES KL.11. Kvamsøe. Nattverd.

DALE KL.18. Kvamsøe. Konfirmantpresent. Offer til Fagertun.

Israelsweekend

Også i år inviterer vi til ISRAELSWEEKEND på Helgatun, Voss 23.-25. september.

Gjester:

Dir. INGE REE

Sokneprest JOHN OVE THAULE

Mess. jødinnen SIDDI DEUTSCH

Sangerparet KARI OG TROND REIGSTAD

Velkommen til avkobling og tilkobling!

Israel og misjon er tema - aktuelt som aldri før!

Program og påmelding til:

Israelmisjonen, tlf. 55 23 06 46

Markeveien 4 c, 5012 Bergen